

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 31. mars 2017 kl. 15.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes og May Sissel Osvik

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Knut Helge Harstad
Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 07/17
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 07. MARS 2017**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 07. mars 2017 godkjent.

**SAK 08/17
GRANSKING AV ARBEIDSTILHØVE MELLOM POLITISK OG ADMINISTRATIV
LEIING I ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet utsendt 27.03.2017 samt to nye høyringsvar var utgangspunkt for behandlinga:

- Tillegg til rapport datert 27.03.2017 som følgje av høyringsvar

- Rapport datert 16.03.2017 om gransking av arbeidstilhøve mellom politisk og administrativ leiing i Ørskog kommune
- Vedlegg til saka samt høyringsvar frå Hilde Sjørdal 29.03.2017 og Åse Karin Finnøy Gjære motteke 30.03.2017

Eit eventuelt høyringsvar frå Janette Steinvik blir å ettersende.

•
Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til dei tankar og vurderingar som kjem fram i rapporten.
2. Kontrollutvalet finn at tidvis uklart politisk leiarskap hos tidlegare ordførar har vore medverkande til at tilhøvet mellom politisk og administrativt nivå gradvis utvikla seg i feil retning. Dette var ei utfordring som måtte løyast på politisk nivå so lenge administrasjonen ikkje rådde over avbøtande tiltak.
3. Det mangla organisering av ei løysingsorientert tverrpolitisk samhandling som kunne sette inn tiltak før uheldig motstrid mellom administrasjon og visse delar av det politiske nivået fekk utvikle seg for langt.
4. Når kommunestyret sitt vedtak ligg føre, vil kontrollutvalet på nytt vurdere om det likevel er nødvendig å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking mellom tilsette.

Kontrollutvalet legg saka fram for kommunestyret med følgjande

Innstilling:

Ørskog kommunestyre tek kontrollutvalet sin rapport til orientering.

Knut Helge Vestre	Målfrid Sjøstad	Øystein Eide	Kaja Kongsnes	May Sissel Orvik
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)